

PLAN FOR
SPESIALPEDAGOGISKE TILTAK
I MIDSUND KOMMUNE

I FØRSKULEALDER
GRUNNSKULE
VAKSENOPPLÆRING

2004-2005

INNHALD

1. Innleiing	4
2. Mål for spesialpedagogisk opplæring	4
3. Vilkår for spesialpedagogisk arbeid	5
3.1. Gjeldande lovverk og læreplanverk	5
3.1.1. Lov om barnehagar	5
3.1.2. Opplæringslova	5
3.1.3. Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen	6
3.1.4. Stortingsmelding 23	6
3.2. Prinsipp og retningslinjer	6
3.2.1. Tilpassa opplæring	6
3.2.2. Spesialundervisning	7
3.3. Stillingar og ressursar	7
3.3.1 Stillingar	8
3.3.2 Ressursar	8
3.4. Kompetanseheving	8
3.4.1. Vidareutdanning	8
3.4.2. Nye yrkesgrupper	8
3.5. Hjelpetenester	8
3.5.1. Pedagogisk-psykologisk teneste	8
3.5.2. Kompetansesentra	9
3.5.3. Avdeling for barnehabilitering	9
3.5.4. Fylkestyrgdekontoret – hjelpemiddelsentralen	9
4. Prosedyrar for handsaming av spesialpedagogiske behov	10
4.1. Førskulealder og skule	10
4.1.1. Kontakt med PPT	10
4.1.2. Bruk av spes.ped.koordinator	11
4.1.3. Søknad om ressursar til spesialpedagogiske tiltak	11
4.1.4. Vedtak	11
4.1.5. Klagerett	11
4.1.6. Søknad om ressursar til spesialpedagogiske styrkingstiltak	11
4.1.7. Konverteringsressurs	12
4.1.8. Ansvarsgrupper	12
4.2 Vaksenopplæring	12

4.2.1. Tilbod	12
4.2.2. Rettar	12
4.2.3. Søknader	12
4.2.4. Vurdering av behov	12
4.2.5. Logopedbehandling av vaksne	12
5. Spesialpedagogisk arbeid i praksis	12
5.1. Førskule	12
5.1.1. Spesialpedagogisk hjelp	12
5.1.2. Tilsette	13
5.1.3. Spes. ped. koordinator	13
5.2. Skule	13
5.2.1. Årstimar	13
5.2.2. Pedagogiske styrkingstiltak	13
5.2.3. Samarbeid med PPT	14
5.3. Vaksenopplæring	14
6. Prosjekt og særskilde tiltak i perioden	14
6	
8. Inn på tunet/Grøn omsorg	15
9. Avslutning	15

VEDLEGG:

1. INNLEIING

Ein legg med dette fram plan for spesialundervisning i Midsund kommune.

Denne planen er laga på bakgrunn av

- reform –97 og den nye opplæringslova
- omstrukturering av den spesialpedagogiske tiltakskjeda, jfr. stortingsmelding 23, 97-98
- St.melding 27 (1999-2000) ”Barnehage til beste for barn og foreldre.”
- lokale behov og utfordringar

Ei arbeidsgruppe med følgjande samansetting har vore sentral i utforminga av planen:

Bjørg O. Orvik, PPT
Kristin Ugelvik, Midøy skule
Torunn O. Rakvåg Nord- Heggdal barnehage
Inger Kristin Ovesen, oppvekstkonsulent
Ivar Vereide, leiar oppveskt og kultur

Planen skal vere handlingsretta. Han skal både gjere greie for det spesialpedagogiske arbeidet som er i gong og vere retningsgjevande for vidareutvikling av slikt arbeid i Midsund kommune.

Tilsette i skulen/barnehagen og foreldre til barn med særskilde behov skal finne informasjonen dei treng i denne planen. Skjema knytt til spesialpedagogisk arbeid ligg som vedlegg.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta, PPT, skal vere ein sentral samarbeidspartnar for kommunen i dette arbeidet.

2. MÅL FOR SPESIALPEDAGOGISK OPPLÆRING

Opplæringslova heimlar rettar til spesialpedagogisk hjelp for førskulebarn og rettar til spesialundervisning for skuleelevar og vaksne.

Kommunen skal syte for at desse rettane vert sikra gjennom rutiner og sakshandsaming, og at det spesialpedagogiske tilbodet i førskule, skule og vaksenopplæring er i samsvar med gjeldande lovverk og forskrift.

Alle har rett til tilpassa opplæring. Gjennom styrka satsing på tilpassa opplæring skal ein avgrense trongen for spesialundervisning. På den andre sida skal ein sikre at dei som treng det, får tilbod om spesialundervisning.

- **Alle elevar/born som har rett til spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp får slik rett i kommunen**
- **Borna/elevane i Midsund kommune får tilfredsstillande utbytte av opplæringa**

- Ressursane til spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp og pedagogisk styrking blir utnytta på ein effektiv måte
- Alle aktørar i prosessen har klar informasjon om kva som er deira oppgåver og ansvar .
- Læringa til eleven i fokus
- Vektlegging av eleven sine sterke sider, det den einskilde meistrar
- Utvida/forpliktande samarbeid mellom barnehage og skule
- Nærare og meir omfattande samarbeid mellom elev-lærer –lærer og føresette
- Auke den generelle styrkingsressursen
- Ikkje einskildvedtak for mindre enn 5 t/v
- Kommunalt fagteam samansett av spesialpedagogar(spes.ped.koordinator) ved den einskilde skule
- Klar oppgåvefordeling mellom kommunen v/fagteam/skule/b.hage og PPT
- Stor grad av felles forståing om kva spesialundervisning er mellom skule og føresette

3. VILKÅR FOR SPESIALPEDAGOGISK ARBEID

3.1. GJELDANDE LOVVERK OG LÆREPLANVERK.

3.1.1. Lov om barnehagar.

§ 9 omhandlar barn med funksjonshemmingar. Kommunen har ansvar for at barn med funksjonshemmingar får plass i barnehagen. I merknaden til § 9 vert det vidare vist til kommunen sitt ansvar for at barn under opplæringspliktig alder får spesialpedagogisk hjelp når det etter sakkunnig vurdering er naudsynt, jfr. § 5-7 i opplæringslova.

3.1.2. Opplæringslova

Den nye opplæringslova tok til å gjelde frå og med 01.august 1999.

Lovparagrafane ein må vere merksame på når det gjeld særskilde opplæringsbehov, er tekne med her.

Kapittel 5. ”Spesialundervisning for barn, unge og vaksne”:

§ 5-1: Rett til spesialundervisning

§ 5-2: Spesialundervisning for vaksne

§ 5-3: Sakkunnig vurdering

§ 5-4 Nærmare om saksbehandling i samband med vedtak om spesialundervisning

§ 5-5 Unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa

§ 5-6 Pedagogisk-psykologisk teneste

- § 5-7 Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder
- § 5-8 Helsetenestetilbod
- § 5-9 Statens plikt til å sørge for læremiddel

Det er ikkje utarbeidd forskrift til kap. 5 i opplæringslova.

I tillegg til kap. 5 skal følgjande paragrafar særleg vektleggast ved oppfølging av barn med særskilde behov:

- Kap. 1, formål og verkeområde: § 1-2: Formålet med opplæringa
- Kap. 2, grunnskolen: § 2-6: Teiknspråkopplæring i grunnskolen
- Kap. 8, organisering av undervisninga § 8-1: Skolen
- § 8-2: Organisering av elevane i grupper
- Kap. 9, leiing, funksjonar, utstyr og læremiddel i skolen:
 - § 9-3: Utstyr og arbeidstilhøve
 - § 9-5: Skoleanlegga
 - § 9-a: elevane sitt skulemiljø

Forskrift til opplæringslova, kap. 1 Opplæringa: innhald og omfang

3.1.3. Læreplanverk for den 10-årige grunnskulen

I samband med Reform-97 vart eit nytt læreplanverk teke i bruk. Læreplanen presiserer at det skal vere ei individuell tilpassing til lærestoffet samstundes som fellesskapen skal takast vare på.

Elevane som har trong for spesialpedagogiske tiltak, skal ha individuell opplæringsplan. Ein individuell opplæringsplan er ein alternativ plan når elevane treng opplæring som avvik så mykje frå alderssteget sin plan at det er naudsynt med særskilde tiltak og tilrettelegging, jfr. opplæringslova kap. 5.

Fagdelen i Læreplanen har eit eige kapittel som heiter ”Tegnspråk som førstespråk”. Der vert både faget sin plass i skulen, arbeidsmåtar og mål presenterte og definerte på same måte som for dei andre faga i planen. (jfr. Opplæringslova, kap. 2)

3.1.4. Stortingsmelding 23, 1997-98: Om opplæring av barn, unge og vaksne med særskilde behov. Den spesialpedagogiske tiltakskjeda og det statlege støttesystemet.

Denne meldinga inneheld ei vurdering av det faglege hjelpe- og støtteapparatet på lokalt og nasjonalt plan. Gjeldande ordning vert vurderte og framtidige modellar for organisering og bruk av ressursar vert lagt fram.

I meldinga går det fram at ein frå statleg hald ventar ei endring i organisering av hjelpetiltak på den einskilde skule. Frå at ein i dag får tildelt timar knytte til einskildelevane gjennom einskildvedtak, ynskjer ein ei utvikling der ressursane vert nytta til ulike styrkingstiltak for alle elevane.

3.2. PRINSIPP OG RETNINGSLINER

3.2.1 Tilpassa opplæring

Opplæringslova § 1-2 ”Formålet med opplæringa”, 5. ledd slår fast at ..”Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enkelte eleven og lærlingen”.

Den generelle delen i læreplanverket for grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring, del 1, byggjer på at opplæringa skal tilpassast den enkelte.

Skulen skal vere **inkluderande**, og det vert lagt vekt på at alle elevar i utgangspunktet skal få opplæringa si i skulen på heimstaden og høyre til i eit klasse- og elevfellesskap.

I den grad det er naudsynt med særskild tilrettelegging, skal elevane så langt det er råd ta del i den sosiale, faglege og kulturelle fellesskapen på ein likeverdig måte. Prinsippet om likeverd er sentralt, og det tyder at alle skal få høve til å utvikle seg etter sine egne føresetnader.

I del 2 i læreplanen, ”Prinsipp og retningsliner for opplæringa i grunnskulen”, er desse prinsippa framheva som retningsgjevande for innhaldet i avsnittet ”Einskapskulen – fellesskap og tilpassing”.

3.2.2. Spesialundervisning eller ordinær opplæring

Eit hovudkriterium for å nytte omgrepet spesialundervisning er at eleven treng ein annan plan enn resten av årssteget innanfor dei aktuelle fagområda. For å løyse ut spesialpedagogiske ressursar, må det også dokumenterast frå sakkunnig instans at ein har rett til spesialundervisning.

Spesialundervisning er særskilt tilrettelagt opplæring for å sikre enkelte elevar retten til tilpassa opplæring, jfr. Opplæringslova § 5-1.

Eleven skal ha eit særleg behov i den forstand at han ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av den vanlege opplæringa. Det er ein føresetnad at det skal liggje føre sakkunnig vurdering før vedtak blir gjort. Vedtaket er eit einskildvedtak etter forvaltingslova § 2. Nemninga spesialundervisning er i lovverket nytta om det spesielt tilrettelagde opplæringstilbodet som blir gjeve etter eit slikt vedtak. Retten til spesialundervisning må vurderast på bakgrunn av det utbyttet eleven kan ha av det konkrete opplæringstilbodet ved skulen, og ein skal særleg legge vekt på utviklingsområda eleven har. (Stortingsmelding 23, s.10).

I merknaden til opplæringslova § 5-1 står det m.a. at:

”Spørsmålet om vilkåra for spesialundervisning ligg føre, skal avgjerast etter ei konkret vurdering av om eleven får tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Om ein elev skal få spesialundervisning, er derfor eit stykke på veg avhengig av kva kommunen har sett inn av organisatoriske og pedagogiske differensieringstiltak innanfor den ordinære opplæringa.”

Skal det vere mogeleg å gjennomføre styrkingstiltak for å førebygge trong for einskildvedtak, er det ein føresetnad at rammetimetalet gjev slikt handlingsrom.

3.3. STILLINGAR OG RESSURSAR

3.3.1. Stillingar

Kommunen ser det som eit mål at ein skal ha tilsette med 2. avd. spes.ped. på alle dei tre skulane i kommunen. Vidare bør ein opprette stillingar som kan kombinerast mellom skule og barnehage. Ved å dele stillingar på denne måten, kan ein gjere overgangen mellom barnehagen og skulen mjukare. Ved ei slik deling vil ein også få nytta kompetansen ein har i kommunen best mogeleg.

3.3.2 Ressurs

For å gjere seg nytte av tilsette ved skulane med 2. avd. spes.ped. , må delar av stillinga til dei det gjeld setjast av til oppgåver knytt til denne kompetansen. Ein tilsett med slik kompetanse bør difor vere koordinator for spesialundervisning ved skulane. Koordinator for spesialundervisning ved dei tre skulane skal ha desse oppgåvene:

- testing av elevar
- rettleiing av andre tilsette ved skulen og i barnehagen
- deltaking i fagteam i kommunen
- nært samarbeid med PPT i samsvar med gjeldande oppgåvefordeling

Oppgåva som spes.ped.-koordinator blir ikkje oppretta som ekstra stillingar i tillegg til eksisterande førskule- og lærarstillingar. Dette er ei undervisningsstilling der det er avsett tid i den individuelle arbeidsplanen til slike oppgåver. I tillegg er den einskilde skule tildelt konverteringsressurs i samband med einskildvedtak. Ein del av denne konverteringsressursen bør leggest til spes.ped.koordinatoren.

3.4. KOMPETANSEHEVING

3.4.1 Vidareutdanning

Kommunen ønskjer å motivere til at tilsette i skular og barnehagar tek spesialpedagogisk etter-/vidareutdanning. Ein ser dette som ei viktig prioritering ut frå trongen for slik kompetanse i kommunen.

3.4.2 Nye yrkesgrupper

Ein ynskjer å tilsetje fleire fagarbeidarar i skular og barnehagar. Ein bør utlyse stillingar der ein etterspør barne- og ungdomsarbeidarar til det som tidlegare har vore assistentstillingar. Vidare bør ein opprette lærlingplassar som barne- og ungdomsarbeidarar i skule/barnehage i Midsund kommune.

Ein må vurdere om ein i særskilde høve, forhold som krev spesiell oppfølging, bør lyse etter nye yrkesgrupper, som t.d. vernepleiarar og barnevernspedagogar.

3.5. HJELPETENESTER

3.5.1. Pedagogisk-psykologisk teneste (førsteline) Helsesøster

PPT er næraste faginstans for kommunen i saker som gjeld opplæring for elevar med særleg trong. Det gjeld både individretta og systemretta arbeid. PPT sine arbeidsområde er heimla i opplæringslova kap. 5, § 5-6, "Pedagogisk-psykologisk teneste". PPT vil også vere sakkunnig instans i dei fleste høve der det er trong for sakkunnig vurdering, jfr. opplæringslova § 5-3, "Sakkunnig vurdering".

Midsund kommune er knytt til PPT-kontoret i Molde. Det ligg føre ei samarbeidsavtale mellom kommunane Molde, Aukra, Midsund og fylket som gjev retningsliner for PPT sitt arbeid. Kommunen har og tilsett eigen logoped i halv stilling, denne stillinga vil vere sentrale både når det gjeld fagleg utvikling og koordinering på feltet.

Helsesøster - funksjonen er også sentral både i barnehagen og grunnskulen. Kommunen bør vektlegge denne delen av hjelpetenesta vidare.

3.5.2. Kompetansesentra, Barne- og ungdomspsykiatrien (2. og 3. line)

Statlege kompetansesenter har ytt individ- og systemretta tenester på ulike område. No er dette systemet inne i ein endringsprosess, jfr. Stortingsmelding 23. Det tyder generelt at det blir ei "spissing" av tenestetilboda med sterkare prioritering av brukarane med dei største og mest samansette behova, og at tenesteprofilen vert dreia frå hovudvekt på direkte tenester til meir systemretta tenester.

Søknad om tenester frå kompetansesentra blir formidla gjennom PPT.

Barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling er ei eiga sjukehusavdeling ved sjukehuset i Molde. Denne avdelinga kan ha oppfølging på fleire område frå undervisning av innlagde pasientar til konsultasjon til dei kommunale 1. linetenestene. Tilmelding skal gjerast av lege.

3.5.3. Avdeling for barnehabilitering, sentralsjukehuset i Ålesund

Denne tenesta er statleg og ligg under helsesektoren. Helsetenesta i kommunen er førstelineteneste.

Avdelinga på sentralsjukehuset i Ålesund har slike faglege tilbod:

- Funksjonsutgreiing med fokus på "barn i kontekst"
- Informasjon om funksjonshemmingar til foreldre og lokalt hjelpeapparat
- Informasjon om aktuelle tiltak/metodar
- Rettleiing til førstelineteneste
- Koordineringa av spesialisttenester
- Vidaretilvising til andre spesialtenester
- Undervisning/kurs
- Familieoppfølging i tidleg fase og i overgangsfasar individuelt/grupper
- Informasjon til brukargrupper
- Rådgjeving i høve planarbeid, t.d.habiliteringsplanarbeid og ansvarsgruppearbeid
- Sakkunnig instans i høve til praktisering av § 6 A i Lov om sosiale tenester
-

Når det gjeld vaksne, over 18 år, får kommunen oppfølging frå avdeling for vaksnehabilitering ved sjukehuset i Molde.

3.5.4. Fylkestrygdekontoret - Hjelpemiddelsentralen

Hjelpemiddelsentralen har formulert hovudmåla sine slik:

- Hjelpemiddelsentralen skal vere eit ressurscenter på tekniske tiltak og fysisk miljø for menneske med funksjonshemmingar
- Hjelpemiddelsentralen skal bidra til likeverdig og heilskapleg problemløysing for menneske med funksjonshemming gjennom tekniske/ergonomiske tiltak, tolketeneste og effektiv ressursutnytting.

Kommunen sitt ansvar er formulert av hjelpemiddelsentralen og godkjent av departementet, jfr. rundskriv F-101-96. Kommunene skal:

- oppdage, greie ut og kartlegge dei praktiske problema og trong for hjelpemiddel den ein skilde har
- prøve ut og velje tekniske løysingar tilpassa dei ein skilde sine behov, i samråd med hjelpemiddelsentralen
- trekkje inn hjelpemiddelsentralen ved trong for løysingar som det lokale formidlingsapparatet ikkje sjølv har kompetanse til å greie ut og løyse.
- lære opp brukaren til i bruken av hjelpemiddelet, og følgje opp og vurdere nytten av tildelte hjelpemiddel
- følgje opp brukaren over tid med omsyn til endra behov
- å melde frå om hjelpemiddel som ikkje lenger dekker behovet, og medverke til effektiv gjenbruk av hjelpemiddel
- ansvar for bygningsmessig og fysisk tilrettelegging

Når elevar har trong for skulehjelpemiddel, skal dette grunnleggjast i den individuelle opplæringsplanen, IOP. IOP kan erstatte anna grunnleggjast ved søknad om tekniske hjelpemiddel. Det er då ein føresetnad at skulehjelpemiddel er ein del av planen.

Hjelpemiddelsentralen har også utarbeidd retningsliner for utlån av data-hjelpemiddel. Retningslinene inneheld viktige punkt som må vere med i søknad om utlån.

4. PROSEDYRAR FOR HANDSAMING AV SPESIALPEDAGOGISKE BEHOV.

4.1. FØRSKULEALDER OG SKULE

4.1.1. Kontakt med PPT

Foreldre kan ta direkte kontakt med PPT som er næraste hjelpeinstans utanfor barnehage og skule.

Om barnehagen /skulen meiner det er trong for å ta kontakt med PPT for særskild oppfølging av eit barn, må dette drøftast med heimen på førehand.

Om det er trong for oppfølging på årssteget eller i grupper, kan skulen/barnehagen kontakte PPT direkte. Dei kan då be PPT om konsultasjon eller rådgjeving. Ved trong for oppfølging ber ein om gjennom skriftleg tilmelding at PPT skal arbeide nærare med saka.

Foreldra skriv under tilmelding til PPT.

I førekant av melding til PPT skal skulen/barnehagen nytte ein eigen førtilvisingsprosedyre.

Barnehagen gjev, i samråd med foreldra, melding til PPT, oppvekstkontoret og skulen allereie om hausten dersom dei har barn med spesielle behov som skal ta til på skule neste år. Dette gjeld barn ein er uroa for, som ikkje er melde til PPT, eller som ein av andre grunnar må vere merksam på i planlegging av skulestart.

4.1.2 Bruk av spes.ped.koordinator

Ved oppnådd mål om lærarar med 2. avd. spes.ped. på skulane er det eit mål for dei komande to åra at ein skal kunne utføre ein del utgreiing internt i kommunen. Vi har lærarar som har sertifikat på testing, og målet er at dei skal få nytte kompetansen sin. Slik vil ein også avlaste PPT, korte ned ventetida og utnytte kapasiteten betre.

For å kunne ivareta ansvaret i høve barnehagane må det gjevast rom for slikt arbeid i sillingane til spes.ped.-koordinatorane.

4.1.3 Søknad om ressursar

Foreldra er søkjarar, og søknaden skal gå til barnehagen eller skulen. Den individuelle opplæringsplanen og sakkunnig vurdering med tilråding frå PPT skal ligge til grunn for handsaming av søknaden.

Vedtak om tildeling av spesialpedagogiske ressursar for komande år vert gjort i februar/mars. Trong for spesialpedagogiske tiltak vil kunne oppstå heile året. Ein bør av den grunn setje av ressursar som ein reserve for å starte opp tiltak i løpet av året.

4.1.4 Vedtak

Søknader om spesialpedagogiske ressursar for komande skule-/b.hageår vert handsama av skulen/barnehagen i februar/mars. Når søknaden har vore til handsaming, får foreldra melding om vedtak. Dette er einskildvedtak med klagerett.

4.1.5 Klagerett

Klageinstansen er fylket. Klage kan sendast fylket via kommunen innan tre veker etter at ein har motteke melding om tildeling. Vedtaksorganet får saka til ny handsaming. Om ikkje vedtaket vert endra, vert klagen send vidare til fylket som handsamar klagen. Resultatet vert anten medhald eller avslag. Ved medhald går saka attende til kommunen for vidare handsaming.

4.1.6 Konverteringsressurs

I særavtala av 13.10.01. står det følgjande:

”Konverteringsbestemmelsene for ulike former for spesialundervisning oppheves. Etter den nye avtalen får lærere som utfører spesialundervisning, samme leseplikt som i faget for øvrig.

Ressurspoten skal beregnes årlig på samme måte som tidligere, men 15 % av potten skal brukes til å delfinansiere lønnsøkningen, mens 85 % av ressursene

forblir på skolen. Tidsressursen skal brukes til å lette arbeidet for lærere med spesielt byrdefull undervisningssituasjon, og fordeles etter drøftinger i henhold til hovedavtalen. Ved lokal partsenighet på kommunalt/fylkeskommunalt nivå kan potten omfordes mellom skoler. For førskolelærere i barnehage som gir opplæring til barn under skolepliktig alder etter enkeltvedtak (jf. opplæringsloven § 5-1) fordeles potten etter drøftinger på det nivå førskolelærernes nærmeste overordnede er.”

Utrekning av rssporspotten:

”Leseplikten for spesialundervisning er den samme som for undervisning for øvrig. På barnetrinnet skal 16 % og på ungdomstrinnet 9 % av leseplikten for spesialundervisning konverteres---”.

4.1.7. Ansvarsgrupper.

Der det er behov for tverrfaglege tiltak over tid, bør det opprettast ansvarsgruppe. Denne skal vere samansett av dei fagpersonane som har mest kontakt med brukaren, og av foreldra til barnet / eleven.

4.2. VAKSENOPPLÆRING

4.2.1 Tilbod

Det vert gjeve opplæring til einskildpersonar i Midsund.

4.2.2 Rettar jfr. opplæringslova § 5-2:

”Vaksne som på grunn av sjukdom eller skade har behov for fornya grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring.”

4.2.3 Søknader

Vaksne som har rett til spesialundervisning etter § 5-2 i opplæringslova, sender søknad om slik opplæring til oppvekstkontoret og får søknaden handsama som einskildvedtak.

4.2.4 Vurdering av behov

Det er oppvekstkontoret som skal tildele timar til opplæring etter søknad.

4.2.5 Logopedbehandling for vaksne

Kommunen har eit ansvar for dette området av vaksenopplæringa. Midsund kommune har tilsette eigen logoped, men arbeidsoppgåvene er i hovudsak retta mot born/ungdom i førskulealder og grunnskulealder. Trygdeetaten dekkjer kostnadane ved behandling av vaksne når trongen er dokumentert.

5. SPESIALPEDAGOGISK ARBEID I PRAKSIS

Det skal vere faste rutinar for deler av det spesialpedagogiske arbeidet i førskulealder, skule og vaksenopplæring. Dette er det gjort greie for i vedlagde prosedyrar og aktuelle skjema.

Felles for alle som får tildelt ressursar til spesialpedagogisk hjelp, er at det skal utarbeidast **individuell opplæringsplan** (IOP), jfr. opplæringslova 5-5.

Den individuelle opplæringsplanen skal vere eit hjelpemiddel både i planlegging og gjennomføring av særskilt tilrettelagt undervisning.

5.1 FØRSKULE

5.1.1. Spesialpedagogisk hjelp

Spesialpedagogisk hjelp vert iverksett hos barn som har særskilt trong for det.

Slik hjelp kan knytast til barnehagar, skular, sosiale og medisinske institusjonar, eller organiserast som egne tiltak.

Det skal gjevast tilbod til foreldra om rettleiing.

Spesialpedagogisk hjelp gitt i barnehage er det mest vanlege i Midsund. Viktige rammefaktorar i organiseringa av tilbodet er tildelte ressursar, personalet på avdelinga/barnehagen, barnegruppa, romtilhøve og dagsplan.

Spesialpedagogisk hjelp heimla i opplæringslova vert i all hovudsak gjeven av pedagog. Denne hjelpa skal vere gratis, og gjev grunnlag for redusert foreldrebetaling.

5.1.2 Tilsette

Vanskane barnet har kan utløyse ekstra ressursar i barnehagen, jf. rundskriv om statstilskot til barnehagane. Desse ressursane kan t.d. vere ein ekstra assistent. Assistenten kan følge barnet tett, eller ansvaret kan fordelast på dei tilsette. Dette må vurderast etter kva slags vanskar barnet har og rammefaktorane nemnd i 5.1.

Dette arbeidet må skje i tett oppfølging av pedagog tilsett på barnet/spes.ped.-koordinator.

5.1.3 Spes.ped. koordinator

Representantar i fagteamet for spesialundervisning skal kunne gå inn å rettleie tilsette i barnehagane i høve born/elevlar med særskilde behov. Representanten for fagteamet skal også kunne hjelpe til å kartlegge vanskar hos elevlar og ut frå dette kunne sjå kva slags tiltak som skal setjast inn.

5.2 SKULE

Spesialundervisning vert iverksett på bakgrunn av dokumenterte behov hos einskildelevlar. Timerressursar, lærarkompetanse, romtilhøve, organiseringsmåtar, elevtal i klassen og samarbeid med elevlar og foreldre er viktige rammefaktorar. For at det spesialpedagogiske tilbodet skal bli så godt som mogeleg, kan skulane legge timane fordelte med einskildvedtak først.

5.2.1 Årstimar

Spesialpedagogiske ressursar vert tildelte som årstimar, og kan nyttast fleksibelt. Det vanlege er å leggje timane fast som veketimar, men dette må vurderast i høve det aktuelle behovet.

Kommunestyret vedtek rammetimetalet for kommunen. Ut frå innmelde behov frå skulane, fordeler oppvekstkantoret dette mellom skulane i kommunen. Det er rammetimetalet som seier kor mykje personale ein har til disposisjon på den enkelte skule.

5.2.2 Pedagogiske styrkingstiltak

I Midsund kommune har ein spes.ped.koordinator på kvar av dei tre skulane. Denne personen skal kunne gå inn og rettleie lærarar og assistentar i høve elevar med særskilde behov. Spes.ped.-koordinatoren skal også kunne hjelpe til å kartlegge vanskar hos elevar og ut frå dette kunne sjå kva slags tiltak som skal setjast inn.

For å utnytte ressursane så godt som mogeleg, må ein kunne variere spesialundervisninga mellom undervisning på årssteget/a, undervisning i grupper og at eleven går ut med lærar i periodar, ut frå både tema i undervisning og tilstanden til eleven i tilfelle dette varierer.

Eit godt fungerande team på dei ulike trinna skal vere med å frigjere ressursar og styrke tilbodet for den samla elevmassen.

5.2.3. Samarbeid med PPT.

Skulen/barnehagen skal ha eit nært samarbeid med PPT som er næraste faglege hjelpeinstans i kommunen. Kvar skule og barnehage skal ha ein namngjeven kontaktperson på PPT-kontoret i Molde. Spes.ped koordinatoren ved skulen/barnehagen skal på den andre sida vere PPT sin kontaktperson på skulen/barnehagen.

Gjennom opprettinga av spes.ped.- team i kommunen skal skulane og barnehagane ha kompetanse til sjølv å kunne utføre ein del testing og ut frå dette kome fram til kva område ein skal arbeide for å styrke. Slik skal ein også kunne nytte PPT betre, då kommunen overtek ein del av oppgåvene som ligg her. Dette reknar ein med vil føre til kortare handsamingstid for dei som er oppmelde til PPT.

5.3. VAKSENOPPLÆRING

Det spesialpedagogiske tilbodet er i hovudsak knytt til personar som bur i omsorgsbustadar.

6. PROSJEKT OG SÆRSKILDE TILTAK I PERIODEN

- I samsvar med denne planen vil ein prøve ut/vidareutvikle individuell opplæringsplan, IOP.
- Ein bør vurdere om tiltak som "Inn på tunet/Grøn omsorg" kan vere alternativ eller ein del av eit tilbod til elevar som treng spesiell oppfølging.
- Oppretting kommunalt fagteam i spesialpedagogikk, samansett av spes.ped.-koordinatorane knytte til skulane og barnehagane. Gjennom dette auke handlingskompetansen internt i kommunen, og samstundes betre utnyttinga av ressursen kommunen har ved PPT- kontoret.
- På sikt etablere ein praksis med å ha tilsette personale med ein del av stillinga si knytt til skule og ein del til barnehage. Dette må justerast ut frå trongen ved den einskilde skule og barnehage frå år til år.
- Målet er at ein gjennom bruk av same personar og opplegg i barnehage og skule lettar overgangen for elevar med særskilde behov.

- I samband med oppretting av spes.ped.-koordinator utarbeidde ein arbeidsinstruks for denne personen. Arbeidsoppgåver skal mellom anna vere:
 - PP-tenesta sin kontaktperson ved skule og barnehage
 - Ressursperson for kollegiet vedk. rettleiing og kompetanse
 - Leiar for spes.ped. team ved skulen/barnehagen
 - Rådgjevar for ressursøknader
 - Konsulent under timeplanlegging

7. INN PÅ TUNET/GRØN OMSORG

Tanken med slike tiltak er at ein nyttar ulike miljø/ressurspersonar til å gje eit tilbod til personar som treng ekstra oppfølging. ”Opplæring på gard ” er eit av fleire tilbod innan grøn omsorg. For Midsund kommune hadde det og vore interessant å fått utvikla tilbod retta mot sjø, kystkultur og friluftsliv. For mange elevar med særskilde behov kan mogelegheita dette gjev for tettare vaksenkontakt, meir praktisk arbeid og meir konkretisering av teoretiske oppgåver gjere at dei på denne måten får eit meir meningsfylt og motiverande opplæringstilbod.

8. AVSLUTNING

Handlingsplan for spesialundervisning i skular og barnehagar i Midsund kommune skal vere ein bruksplan for kommunenivået, for skulane og barnehagane og ein arbeidsreiskap for den einskilde tilsette i skulen og barnehagen. Det skal også vere ein plan der føresette finn informasjon dei treng i høve lovverk og rutinar.

Planen tek utgangspunkt i at kommunen har ei spesialpedagogisk arbeids-/ressursgruppe.

Planen skal i første omgang gjelde for skule- og barnehageåret 2004-2005. Etter at denne perioden er over, skal ein evaluere planen og gjere vedtak for dei komande fire åra.

Ivar Vereide

/home/www/cpfiles/core/6/706/706.0.700740